

NIBIO, torsdag 8. oktober.

Landbruk og utvikling i Hardanger??

Eg reknar med at mi tid skal gå til å snakka omkring fruktproduksjonen og utviklinga for denne i Hardanger.

ULLENSVANG

Ullensvang er som kjent den største fruktkommunen i landet når me ser på eple, plommer, pærer og moreller. Svært høg %-del for alle 4 fruktslaga.

Me er no ein ny kommune med ca 11200 innbyggjarar, og jordbruksmiljøa har endra seg litt, men ikkje radikalt. I den nye kommuneplanen som me vart bedne om å gje kommentarar til, sto det mest ingen ting om jordbruk. Det var oppsiktsvekkjande merkeleg, men truleg er våre kommentarar teke seriøst.

NIBIO vart danna etter ein omorganiseringsprosess, og etter ein del kamp klarte me å oppretthalda – og truleg styrkja NIBIO-Ullensvang. Det klarte me etter å utfordra den gong Ullensvang herad på trugsmåla som oppstod.

KUNNSKAP

Dersom du spør eit miljø, innan kva slags næring, om det viktige i å ha kunnskapsarbeidsplassar i nærmiljøet, ja så må vel svaret vera klart ja. Min organisasjon meiner i alle fall dette. Kunnskapsarbeidsplassane bidreg til å heva den generelle kunnskapen innan vår næring også, men det er eit samspel mellom fleire aktørar.

OPPGÅVER

For å kunna svara på kva oppgåver næringa treng av relevante forskings- og utviklingsoppgåver i framtida trur eg det er lurt av alle å sjå på eit jordbruk som er i endring, men som og klart vil måtta endrast på grunn av miljø- og klimaspørsmål.

Me treng framleis eit kunnskapssenter som forskar på fruktsortar som kan passa inn i vårt klima. Men som så mange stader elles i samfunnet, fruktmiljøa vil gjerne ha raskare svar. Ein trend med mange nye sortar som blir presentert for oss, er at dei er svært like i utsjånad og smak. Svært få utmerkar seg med det spesielle. Truleg set vårt nordlege klima store avgrensingar på sortsutvalet.

Når sortar er godkjende har me få garantiar for at dei blir populære i marknaden. Ting tar tid.

Kva med å sjå litt på gamle sortar som hadde karakteristikk og gode smaksqualitetar? Kaupangereple i moderne plantingar, kan det gå bra? Uansett, sortsutvikling vil vera viktig i framtida. Men fleire aktørar er involvert med sine program.

Når det gjeld moreller er det nokså klart at 15 år med tunnell-utprøving hjå Bioforsk/ NIBIO Ullensvang har sett sine spor. No ser me ei stor utvikling med morell-tunnellar i mange bygder lokalt. Mange gode sortar.

Pærer er marginalt i nasjonal målestokk, men NIBIO har bidrege til moderne plantingar av både Ingeborg- og Celinapærer. Ullensvang har klart størst produksjon

av pærer idag.

TRESJUKDOMAR

Sjukdom på frukttræa er eit stort problem, og kostar næringa mykje pengar – og frustrasjonar. Dette kan vera ei oppgåve.

MARKNAD OG PRODUKSJON

Fruktproduksjon, avlingsauke, sider, saft, stort politisk fokus, stor interesse for våre «litt eksotiske» produksjonar, mykje lause pengar hjå myndigheiter i mange distrikt for ei positiv utvikling i deira område:

Mykje ser ut til å veksa inn i himlen for mange.

Det viktigaste av alt i denne utviklinga er at ei oppegåande næring klart ser samanhengen mellom det den norske marknaden kan svelgja unna, og det me produserer. Overproduksjon er dårleg anten det er plommer, eple eller sau. Men det er lov å vera kreativ for å utvida sesong og produktmangfald.

GJØDSLING/ JORDLÆRE

Fornya forskning på gjødselpraksis til frukthagar, der forskinga tek utgangspunkt i miljø- og klimakrav som samfunnet heilt sikkert vil fokusera på vil vera interessant. La meg provosera litt, den store merksemda på bladgjødsling gjennom heile sesongen verkar å vera noko av eit blindspor. Når gjerne berre 5-10 % av gjødselstoffet blir nyttiggjort gjennom bladverket kan me som likar å sjå med litt kritiske augo på utviklinga kanskje spørja om dette er energi -og arbeidsmessig effektivt i ei tid der me også skal sjå på miljø, klimaavtrykk og innsparde kostnader.

Ser me i tillegg til alt det ekstreme og vanskelege arealet mange driftar, er det berre eit lite fåtal som gjennomfører.

Solide gjødselplanar der dyrkarane blir kursa i rett gjødsling, og ikkje minst i betydninga av rett gjødsling på fruktarealet blir etter mi meining viktigare framover.

Når det gjerne berre er eit fåtal idag som har full

gartnarutdanning/hagebruksutdanning kan det vera relevant å auka kunnskapen.

For fruktdyrkaren må det vera rett å kunna mest mogeleg om eiga jord.

UGRASARBEID

Så eit viktig hjartesukk. Forsking- og utviklingssenteret NIBIO må sjå med alvorlege augo på alternativ ugrasbekjeming til Roundup/Glyfosat. Me veit ikkje kor lenge dette kjemikaliet kan brukast i norsk jordbruk, men den dagen kjem då forbodet blir realitet, anten ut frå miljøomsyn eller politiske vedtak internasjonalt.

Er det aktuelle kjemikaliar tilgjengeleg, eller er det kun mekanisk slåttarbeid og eventuelt dekkesystem som gjeld?

Me veit at me i jordbruket er sårbare i høve til politiske vedtak som blir realitetar gjerne over hovudet på oss. Om det er reelt i høve miljø og klima treng ikkje alltid vera sanninga, men politikk og vedtak er ofte stemningsvedtak gjort av andre.

MATJORDA

Eg ser for meg fornya, meir -og relevant forskning på matjorda som me disponerer til

fruktproduksjonen vår. Matjordlaget er sterkt truga i store deler av verda. Kanskje så mykje som 33% av matjorda i verda er idag ueigna til matproduksjon. Det er eit trugsmål mot global matproduksjon. Korleis er stoda for vår matjord, og korleis kan me oppretthalda ei frisk matjord i eit evelegheitsperspektiv?

PRAKTISK FORSKING/UTVIKLING

Den praktisk retta forskinga / utviklinga der NIBIO og fruktmiljøet samarbeider om oppgåver vil vera viktig framover. Me er så heldige her i Ullensvang at me har svært gode fruktlagermiljø med mest 100% oppslutnad frå dyrkarane. Dette må utnyttast enno meir. Lagring av frukt, gjerne i mindre kjøleceller er berre eit eksempel. Tynningsarbeidet i frukthagane gjennom sommaren treng å få auka fokus hjå mange. Det er ikkje berre klimavariasjonar som er skuld i avlingsvariasjonar.

NATURMANGFALD

Moderne jordbruk idag treng ikkje vera moderne i nær framtid. Alle bekjempelsesaksjonar eg har vore med på i mi tid mot ulike skadegjerarar har vel eigentleg vore til fånyttas.

Samspelet og mangfaldet i naturen der særleg insektgiftene forsvinn ut av bruk må vera eit viktig felt for forskning og utprøving.

På vår gard er så godt som all bruk av insektgifter borte, men likevel må det brukast gift mot raudnebærmol. Då må kunnskapen vera så god at det stort sett blir inertiar når midla skal brukast.

Nytteinsekt? Me veit at det moderne jordbruket er eit trugsmål mot insektmangfaldet, også for våre nytteinsekt. Korleis kan fruktdyrkinga auka mangfaldet av nytteinsekt/pollinatorar. Ja eigentleg av mange insekt fordi mange er mat for dei nyttige.

Er våre nyslåtte frukthagar, utan ugras og blømande blomar eit trugsmål?

Burde me sett av små areal til blomeenger, og skal i så fall bonden få godtgjort for dette gjennom «blomeeng-tilskot» Kulturlandskapet ville uansett fått enno eit stort pluss her inne i Hardanger. Sveits, Austerrike, Tyskland.

Kanskje NIBIO Ullensvang skal gå i forkant for å så til utvalde areal med blømande planter som blømer heile sommaren.

TEKNIKK/MODERNE MASKINERING

Så til det som har vore kjepphesten vår dei siste åra. Auka verdiskaping av det vanskelege fruktarealet i eit stadig vanskelegare klima. Me veit at verdiskapinga frå fruktproduksjonen kan vera høg. Utan tvil er det den store verdiskapinga frå våre små og ofte bratte areal som gjer at Hardanger «blømer» med flotte fruktgardar og eit svært godt miljø. Me har relativ låg gjennomsnittalder på fruktdyrkarane i høve til landssnittet for bønder.

Eg vil be dei som har det lettaste fruktarealet å trø litt tilbake akkurat her. I denne saka er det dei med det brattaste, vanskelegaste arealet som skal vera i fokus. Og i eit stadig vanskelegare og utfordrande klima blir fokuset enno viktigare.

Teknologi og maskinering som er relevant i dette vanskeleg fruktarealet kan hjelpa bøndene til å auka verdiskapinga av mykje areal her i Hardanger. Arbeidskvardagen

til fruktdyrkarane/ bøndene kan vera svært ulik når den eine ikkje treng å ta omsyn til arbeidulemper, og sikkerheit, medan den andre får sin kvardag sterkt forverra på grunn av det ofte ekstreme og vanskelege arealet.

Jorda kan vera like fruktbar på den vanskelege teigen som på det lette jordstykket. Mekanisering blir gjerne i tradisjonell jordbruksøkonomi sett på som avlingsauke og mogelegheit for større einingar, altså meir avling for mindre arbeid.

Men kva om me ser på moderne , lett mekanisering tilpassa vårt vanskelege terreng – i eit vanskelegare klima- som ei kraftig verdiauke for dei som driv dette arealet.

Kanskje mogelegheita for lett mekanisering, til ein akseptabel pris er avgjerande for om neste generasjon orkar å halda fram drifta? Verdiskapinga ligg sjølvstakt i gode, flotte avlingar på areal som står i fare for å falla ut av produksjon, men vil også vera psykologisk fordi

fruktdyrkaren veit at arbeidet på dette arealet er overkomeleg og gjennomførbart.

Det er her me vil at NIBIO- Ullensvang skal spela ein rolle. Kort fortalt vil me ha kontorplass for person/personar som har kunnskap og interesse for temaet. Me vil ha pengemidlar få staten til utprøving av teknologi. Me vil at det skal vera pengemidlar til reiser for å finna relevant teknologi der den finnst. At den finnst , og at dette er aktuelle problemstillingar i land og regionar der miljøa er større er me sikre på.

Kven – og kva stad er betre for utgangspunkt til eit slikt arbeid enn NIBIO Ullensvang som ligg midt i smørauga med det vanskelegaste og mest utfordrande jordbruksarealet i landet?

Me er truleg forbi jordbruksavtalestadiet. Der har me vorte stoppa fleire år no.

Men no vil me ha hjelp av profesjonelle folk som kan søkja om forskings/ utviklingsmidlar gjennom dei kanalar som tildeler slike midlar. 19. mars var det sett eit møte, men koronapandemien sette stoppar for dette.

No er me her, og me vil hevda vår rett som fruktdyrkarar, bønder og matprodusentar i eit moderne jordbruks-Noreg til moderne, brukbar teknologi- til ein pris som næringa kan leva med. Kor mykje pengar? Det må me finna ut av, men arbeidet må verta skikkeleg utført. Kor lenge? I alle fall så mykje som 10 år.

Dei som bur her, dei som dyrkar jorda, kommune og fylke, dei som nyt godt av kulturlandskapet, og anna næringsliv vil også sjå på ei god utvikling for det vanskelege arealet som ein styrkje.

Arne Lofthus